



## Statens vegvesen

Karaland Trelast AS  
Kjeilevegen 45

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/188249-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
23.02.2017


### Uttale – Fv. 415 – Søknad om avkøyrsløye og dispensasjon frå byggjegrænse – Gnr. 108 bnr. 71 / 26 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 9. desember 2016. Vi var på synfaring på staden 10.02.2017.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt om avkøyrsløye etter veglova og dispensasjon frå byggjegrænse langs veg i samband med bygging av einebustad på gnr. 108 bnr. 71, 26 i Lindås kommune. Tidlegare bustad brann ned i 2012.

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til eksisterande bustad jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Lindås kommune har eit generelt plankrav på område som er avsett til bygg og anlegg, jf. § 1 *Generelle føresegner og retningsliner punkt 1.1*. Slik vi tolkar det utløyser tiltaket krav om reguleringsplan eller dispensasjon frå plankravet.



Situasjonskart: Omsøkte tomt og avkøyrsløye til fv. 415.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

**Saksgang:**

Det er Lindås kommune som er rett planmynde og avgjer søknad om dispensasjon frå plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale du kan leggje ved søknad til Lindås kommune.


**Vurdering:**

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsla til fv. 415. Det er også søkt om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg. Fartsgrensa på staden er 50 km/t. Årleg døgntrafikk (ÅDT) er 950. Vegstrekninga er klassifisert til «Haldningsklasse 3» jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*. Det vil mellom anna seie at godkjenning til utvida bruk av avkøyrsla til bustadføremål normalt vert gitt dersom dei tekniske krava vi stiller til utforming av avkøyrsla vert tilfredstilt.

**Avkøyrsla:**

Søker har ikkje dokumentert lovleg avkøyrsløyve til tomta. Når det vert søkt om ny avkøyrsla eller utvida bruk av eksisterande avkøyrsla må vi vurdere forholda ut i frå dagens krav til utforming.


Eit absolutt krav vi stiller er at det skal vere tilstrekkeleg frisikt i avkøyrsla. Siktkravet i dette tilfellet er at ein skal sjå 45 meter til kvar side i avkøyrsla frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla. Vi vurderer at sikta er god nok dersom avkøyrsla får ei anna utforming.



**Figur: Svingradius på høvesvis 2 meter og 4 meter.**

Andre krav vi normalt stiller er krav til svingradius. Vi vurderer at svingradius til høgre i avkøyrsla ikkje er meir enn 2 meter, medan krava vi stiller til nye avkøyrslar er 4 meter. Også svingradius til venstre i avkøyrsla er for liten i høve til dagens krav.

Vi setter og krav til helling i ei avkjørsle. Vi er særleg opptatt av at krav til lengdeprofil skal vere oppfylt dei fem første metrane, og at det skal vere fall frå fylkesvegen på fem cm dei første 2 meterane.



**Fig: Krav til lengdeprofil**

Den omsøkte avkjørsla tilfredstiller ikkje dagens krav til utforming. Det er særleg svingradius og helling i avkjørsla som må utbetrast. Det må også opparbeidast tilfredstillande drenering i avkjørsla. Utbetring av avkjørsla vil krevje ein del tiltak men er teknisk mogleg å gjennomføre. Det kan og medføre at det vert naudsynt med samtykke frå andre grunneigarar for å utføre tiltaka.

Etter ei samla vurdering av forholda på staden meiner vi det kan påreknast løyve til utvida bruk av avkjørsle dersom den vert opparbeidd i samsvar med våre krav.

#### **Byggegrense:**

Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggjegrænse langs veg, jf. 1. *Generelle føresegner og retningsliner. Pkt. 1.6*. Det er difor Lindås kommune som skal handsame denne søknaden. På bakgrunn av dette sender vi søknaden over til Lindås kommune som rett mynde.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse på 29,4 meter. Med bakgrunn i mellom anna rammeplanen har vi ikkje merknader til dette. Vi gjer likevel merksam på at også tiltak som garasje og naudsynte murar krev dispensasjon frå byggjegrænse.

#### **Vidare saksgang:**

Det er Lindås kommune som avgjer søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova. Dette brevet skal leggast ved søknad som skal sendast til kommunen.

Etter ei samla vurdering av forholda på staden meiner vi det kan påreknast løyve til utvida bruk av avkjørsle dersom den vert utbetra i samsvar med våre krav. Vi har ikkje merknad til søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg.

Dersom Lindås kommune vel å gi dispensasjon for tiltaket, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova. Det må då sendast inn ny søknad som er i samsvar med kommunen sitt vedtak. Vi vil då ta endeleg stilling til søknaden og setje endelege krav til utforming.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Label\_Kopi til  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ